

## KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/9/08

16 januar 2002

**om endring av vedtak 2001/783/EF med omsyn til verne- og overvåkingssoner i Fellesskapet i samband med Blue Tongue i Italia(\*)**

[meldt under nummeret K(2002) 26]

(2002/35/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2000/75/EF av 20. november 2000 om fastsettelse av særlege bestemmelser om tiltak for å bekjempe og utrydde Blue Tongue<sup>(1)</sup>, sæleg artikkel 8 nr. 3, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Som følge av utviklinga av Blue Tongue-situasjonen i fire medlemsstatar i 2001 gjorde Kommisjonen vedtak 2001/783/EF av 9. november 2001 om verne- og overvåkingssoner i forbindelse med Blue Tongue og om regler for forflytning av dyr innanfor og fra slike soner<sup>(2)</sup> i medhald av direktiv 2000/75/EF.
- 2) Det går klart fram av resultatane av dei epidemiologiske granskningane til dei italienske styresmaktene at det ikkje har vore noko virus i omlauf i regionar som kan reknast som frie for denne sjukdommen.
- 3) Desse sjukdomsfrie regionane kan følgeleg strykast frå lista over dei regionane som er førde opp i lista over verne- og overvåkingssoner, og som er fastsette i vedlegg I til vedtak 2001/783/EF.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste veterinærutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedlegg I A til vedtak 2001/783/EF går følgjande italienske provinsar ut: Bari, Foggia, Avellino, Benevento og Caserta.

*Artikkel 2*

Medlemsstatane skal endre dei tiltaka som dei nyttar på handelen, slik at dei vert i samsvar med dette vedtaket.

Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 16. januar 2002.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 15 av 5.1.2002, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 25/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 5.6.2003, s. 7.

<sup>(1)</sup> TEF L 327 av 22.12.2000, s. 74.

<sup>(2)</sup> TEF L 293 av 10.11.2001, s. 42.